

Våren 2012

## **Heimeeksamen**

### **Emne: KUN2310 – Gotikken som førestelling og realitet: perspektiv på byggverk og biletkunst 1140-1400**

Utlevering av oppgåve: 07.05.2012, i Fronter, fom. kl.10:00.

Innlevering av svar på oppgåva: 10.05.2012, i Fronten, innan kl. 14:00.

Svar på **ei** av oppgåvene:

1. Nicola Coldstream framhevar særleg to arkitektoniske element; ribbehvelvet og masverket ("rib vault" og "tracery"), som særskilde for dei ulike regionale variantane av gotisk arkitektur frå siste del av 1200-talet og utover. Beskriv og jamfør tre sengotiske bygningar frå ulike delar av Europa utanfor Frankrike: Kva har dei til felles og kva skil dei frå kvarandre i spørsmålet om grunnplan, utforming på rommet og ornamentikk?

*Bruk som overskrift: Regional gotikk*

2. I *Glorious Visions* handsamar Michael Camille den høviske kulturen i middelalderen i kap. 5, "New Visions of the Self". I "Kalkmaleri og samfund 1241–1340/50" tar Søren Kaspersen eit breiare grep enn Camille på den høviske kulturen som eit element i samtidskulturen. Jamfør og diskuter Camilles og Kaspersens framstelling av korleis høviske element kjem til uttrykk i kunsten på 1200 –og 1300 –talet. Bruk døme.

*Bruk som overskrift: Den høviske kulturen i kunsten*

3. I "Gotisk arkitektur og skolastikk" visar Erwin Panofsky til mentale vanar, "mental habits", som argument for at ein intellektuell retning som skolastikken også har sett spor i arkitekturen. I "Habitus. Om Erwin Panofskys 'Gotikkens arkitektur og skolastikk'" bygger Pierre Bourdieu ein



Postadresse: Postboks 1020, Blindern, 0315 Oslo  
E-post: henvendelser@ifikk.uio.no  
[www.hf.uio.no/ifikk](http://www.hf.uio.no/ifikk)  
Telefon: + 47 22 85 69 11  
Telefaks: + 47 22 85 75 51

stor del av sin analyse av Panofskys tekst rundt omgrepene *habitus*. Gjer greie for Bourdieus resonnement: kva er *habitus*, korleis verkar det i samtida, og på kva for premissar kan vi i ettertid stadfeste eksistensen og effektane til omgrepene?

Bruk som overskrift: **Gotikken som *habitus*.**

Lykke til!

#### **Formalia:**

Omfang: 6-7 sider tilrådd skrifttype er Times New Roman (12 punkt) med 1 ½ linjeavstand. Ev. bilete er vedlegg og blir ikkje rekna med i talet på sider. Oppgåva vurderast med bokstavkarakterer A-F. A er beste karakter, F er stryk.

Oppgåvesvar utan tilvising til kjelder (noteapparat og litteraturliste) blir ikkje godkjent. På kunsthistorie ser ein helst at Chicago-stilen blir nytta.

Alle oppgåvesvara må vidare oppfylle dei formelle krava til akademisk skriving. For utfyllande informasjon, sjå: <http://www.hf.uio.no/sitat/kompendium.pdf>

For utfyllande instruks om innlevering av oppgåve, og nedlasting av forsider og fuskeerklæring, sjå: [http://www.hf.uio.no/ifikk/studier/admin/oppgaveskriving/fronter/innlevering\\_fronter.html](http://www.hf.uio.no/ifikk/studier/admin/oppgaveskriving/fronter/innlevering_fronter.html)

Fuskeerklæring leverast som spørreskjemabesvarelse i Fronter, og skal ikkje lastast opp som eige dokument.